

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 10.10.2005 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef og ass. adm. sjef.

Personalsjef møtte under skriv og meldingar

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 14. oktober 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Brigt Olav Gåsdal viste til artikkel i Kommunal Rapport om kunnskapsløftet. Han ønskte at politikarane vart orientert om/ gjekk inn i drøftingar om korleis Samnanger skal gjennomføra kunnskapsløftet.

Ordførar og ass. adm.sjef orienterte om at det har vore ein god politisk diskusjon i utval for oppvekst og omsorg, og at det her også vart fatta vedtak om ein del strategiske val. Den digitale skulen og spansk som framandspråk m.a. Det er og under planlegging å ha dette området som temamøte i kommunestyret, men at andre store saker i haust har gjort/gjer at det må vente til etter nyttår.

John Magne Bøgevik ba om at det i samband med kommunale avgifter for 2006 vart vurdert kva moglegheiter det var for å få fleire eldre hus kopla til off. leidningsnettet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Medlemmane i personal- og økonomiutvalet deltek på **kommuneplankonferanse 24.** – 25.10.05 i Bergen.
- Kommunen har motteke tilbod om rentebinding av lån. Utvalet var samd med administrasjonen at me lånar inn midlar med **flytande rente.**
- Det vart orientert om arbeidet med å etablera **eining for barnehage.** Personal- og økonomiutvalet har ikkje merknader til administrasjonen si handtering av saka.
- Det vart gitt ein kort orientering om status for økonomien for inneverande år og arbeidet med budsjettet for 2006.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0034/05	05/00082 OPNINGSTIDER VED GJENBRUKSSTASJONANE
0035/05	05/00107 TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - VØLA AV KOMMUNAL VEG TIL JARLAND/HAUG
0036/05	05/00107 TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - BARNEVERN
0037/05	05/00301 REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE - KJØP AV GRUNN

0034/05

OPNINGSTIDER VED GJENBRUKSSTASJONANE**Handsaming i møte:**

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommune ynskjer ikkje søndagsopen gjenvinningsstasjon, men at stasjonen held ope laurdagar i tillegg til tirs dagar som i dag.

Syner og til tidlegare uttale frå kommunestyret i Samnanger 28.04.05; sjå vedlegg.

Vedtak:

Samnanger kommune ynskjer ikkje søndagsopen gjenvinningsstasjon, men at stasjonen held ope laurdagar i tillegg til tirs dagar som i dag.

Syner og til tidlegare uttale frå kommunestyret i Samnanger 28.04.05; sjå vedlegg.

0035/05

TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - VØLA AV KOMMUNAL VEG TIL JARLAND/HAUG**Handsaming i møte:**

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Det vert overført inntil kr 80.000 frå disposisjonsfondet til konto nr. 1.1601.3330.230.

Sidan arbeidet alt er sett i gang vart "hasteparagrafen" § 13 i kommunelova nytta.

Vedtak:

Det vert overført inntil kr 80.000 frå disposisjonsfondet til konto nr. 1.1601.3330.230.

Vedtaket vart fatta med heimel i § 13 i kommunelova.

0036/05

TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - BARNEVERN**Handsaming i møte:**

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Resterande sum tilleggsloøyvingskontoen – kr 287.750 vert overført til konto nr. 1.3201.2520.3000 (barneverntiltak utanfor familien).

Vedtak:

Resterande sum tilleggsloøyvingskontoen – kr 287.750 vert overført til konto nr. 1.3201.2520.3000 (barneverntiltak utanfor familien).

0037/05

REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE - KJØP AV GRUNN

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår avtale med Smith-Jansen om overtaking av eiegenomen gnr. 43 bnr. 44.

Utgiftene vert ført som kostnad i kapitalbudsjettet funksjon 0.1601.3530 kloakk Ytre Tysse.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune inngår avtale med Smith-Jansen om overtaking av eiegenomen gnr. 43 bnr. 44.

Utgiftene vert ført som kostnad i kapitalbudsjettet funksjon 0.1601.3530 kloakk Ytre Tysse.